

Sjernarøy herad.

Nord-Hidle.

Gards nr. 12.

Sendar: Johannes Hidle.

Emne nr. 9. Lauving.

Mange lauvar her i bygdi den dag idag. Men ettersom det ser ut sluttar mange med sauver og då vil det minka med lauving. ~~æddi~~ det er mykje til smalen dei lauvar. För lauva dei meir enn no. Lauvingi går stort set for seg på same måte som för, iminsto kjenner eg ikkje til noko sers umbröyte, berre at i den seinare tid stekker dei mindre ute enn för, ofte set dei ~~nø~~ kjerwane på staurar ute, kring eit sneis på kvar, og turkar dei der til dei köyrer dei inn.

1. Lauving ~~na~~ dei ikkje som naudfor, dei lauva kvart år.

- Dei lauva under siste verdenskrig og.
- 2. Lauvingi går fyre seg etter ~~såtten~~ er ferdeg, för kornskurden. Helst lauvar dei björk, som her er mest av, so noko ask og raun, ikkje or og slett ikkje osp, avdi den veks lite her. Me kallar arbeidet lauving, ikkje logging.
- 3. Reidskapet vart kalla lauvsigd, men dei nyttja og vanleg kornsigid. Ikkje kjent noko reidskap å böygja kvistene ned med. Risping av lauv ikkje brukt no, för litt, men ikkje nemnande etter det eg kjenner til.
- 4. Når dei lauva hogg dei treet ned. Kylle-stuvar var mykje vanlege för, no minkar dei av. Serleg mykje askestuvar, og dei stod både på innmark og i utmarki. Noko n regel kor gamle greinene skulde vera i ein askestuv når dei tok dei, har eg ikkjehøyrt her, andre stader snakka dei um 4 år, då var der mest lauv på dei.. Trei kunde vera 15-20 sm., i tvermål då dei kynte dei fyrste gongen, og då alltid so högt at kröteri ikkje nådde upp i dei. Greinene vart so sidan hoggne når det ~~h~~vde, ikkje etter visse åremål. Det kalltest å kylla, eller "kydla" ~~ækk~~. För tenkjer eg dei såg på kyllestuvar som verdfulle, no aktar folk lite på dei oghogg dei gjerne ned.
- 5. Lauvrising ikkje brukt her, Sanka dei nok lauv vart det kasta upp på höystaden og låg til turk der. Lauvkjervane kunde hengjast upp til turk i ei björk dei hogg kvistene av eit stykke ut frå stommen, so hengde dei kjervane upp på dei etter ei greinbukt og lagde kjervar attåt so der vart ein stor "stakk" av. Toppen på kjerven vende ut. Kvar stakk kunde ha eit hundrad eller to med kjerv, ettersom der var mangekjerv til. Kjervane alltid talde i sneis, 6 sneis i kvart hundrad. Dei talde etter-kvart dei langa upp i stakken, kom dei högtupp brukte dei ei preka å langa upp med. Preka var ei avbarka øg tilsmidd grein med ein stutt kvistende nærrø odden, både den og odden av greini tilkveste, so tok dei kjerven på odden og lagna upp. No mykje brukt ein höygaffel til det bruk. Stekte dei i utemarki der kröter gjekk, sette dei gjerde kring stakken. Å takla lauvet inn halvturt ukjent, likeso at det gjæra, (surlauv.)
- 6. Um vi ntren eller tidlegare köyrde dei lauvstakken heim, gjerne på snöföre. Å bera dei heim var sjeldan gjort, dei nyttja öykjen til arbeidet. Kvinner var ikkje med på heimköyring til vanleg. Dugnad på lauving ukjent.
- 7. Dei lauva både i innmark og utmark, der trei stod. Karane hogg avriset, kvinnene kjerva, so hjelptest dei å bera saman og köyra eller stekkja.
- 8. Kjervane vart ladde inn i löda, anten uppe på höyet eller i eit sers rom, når dei var turre. Björkelauv var sauemat, ein kjerv til 2 eller 3 sauver, einkjerv ~~æ~~ ask til ei ku.

9. Askelauv rekna for sers ødt, deretter osp og raun. Björk mes
mest vanleg her.
10. Her veks lite og inkje alm, so at dei tok lauv til gri^o
sene er ukjent her, eg har høyrtum det andre stader. Sanka
dei lauv, bar dei det i kipa eller, seinare, i sekkk.
- 11-15 höver ikk^{je} hjå oss.

B. Lauv samla på bakken.

1. Lauv samla på bakken kaltest rakelauv. I Suldal skal dei kalla det lausalauv.
2. og 3. Tok dei noko var det vel helst askelauv, og det vart raka saman med ei riva.
4. Dei kunde vel samla det i ei kipa, eller seinare i ein sekkk, men ikkje vanleg her.
5. Vart det gjort var vel både karar og kvinner med på det, men kanhenda mest kvinner og born.
9. Var det brukt å samla lauv på denne måten, er det i minst slutt med det for lenge sidan, eg minnest det ikkje, so einlitt til 1880-åri etter skikken her, umikkje enda lenger.

—
1769

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING